



## Saksframlegg

Saksbehandler:	Dag Botnen, brannsjef	Arkivkode:	021
Arkivsaknr:	styre 23/041	Dato:	15.08.2023

### Behandlingsorgan:

Styret for Haugaland brann og redning iks 23.08.2023 vedtak

## Innmeldte avvik

### BEHANDLING:

#### Brannsjefens utkast til vedtak

- Styret for Haugaland brann og redning iks ber brannsjefen om å innarbeide tiltak i budsjettprosessen der kompetanse skal vera ein viktig del av drifta i HBR iks.

### SAKSOPPLYSNINGER:

Punkt 4.2 i prosedyre for handtering av avvik seier at avvik skal løysast på lågast mogleg nivå. Det er meldt inn følgjande avvik i vårt system som ikkje kan løysast av dagleg leiar og vert derfor løfta opp til styret:

Registrering:	#1744
Dato:	31.05.2023
Avvik:	Det er ± 20 utrykningsleiarar som ikkje har utrykningsleiarkurs etter dimensjoneringsforskrift § 41.
Kostnad:	65 000,- per person (1,3'').
Merknad:	Alle utrykningsleiarar skal ha utrykningsleiarkurs ved Brann og redningsskolen (vert gjennomført lokalt). Tiltaket er satt på vent i 2023 som følgje av økonomiske forhold.

Registrering:	#1745
Dato:	31.05.2023
Avvik:	Det er ± 50 brannkonstablar som ikkje har grunnkurs etter dimensjoneringsforskrift § 37.
Kostnad:	65 000,- per person (3,25'').
Merknad:	Alle brannkonstablar skal to år etter tilsetting gjennomført grunnkurs. Tiltaket er satt på vent i 2023 som følgje av økonomiske forhold.

Registrering:	#1746
Dato:	31.05.2023
Avvik:	Det er ± 2 mannskap som går overordna vakt og som ikkje leiarkompetanse etter § 44.
Kostnad:	150 000,- per person (0,3'').
Merknad:	Alle overbefal skal ha leiarkurs ved Brann- og redningsskolen. Tiltaket er satt på vent i 2023 som følgje av økonomiske forhold.

Registrering:	#1747
Dato:	31.05.2023
Avvik:	Det er vurdert at øvingstimetale er for lågt sett opp mot krav til kompetanse, ref dimensjoneringsforskrift § 25 samt §§ 8 og 9.
Kostnad:	Det er vanskeleg å setje eksakt kostnad, men tek me utgangspunkt i at alle skal ha stilling tilsvarande Bø stasjon som minimum, vil kostnaden vera 1,01''.

Merknad:	Det er viktig å ha tilstrekkeleg øvingstimar for å kunne innfri dei krav (og forventningar) som er til å kunne handtere alle dei forskjellige og komplekse hendingane som me rykker ut til.
----------	---

Registrering:	#1777
Dato:	09.06.2023
Avvik:	Det er ± 11 brannkonstablar som ikkje har kompetansebevis kode 160 C.
Kostnad:	40 000,- per person (0,44'').
Merknad:	Alle brannkonstablar som skal køyre utrykning skal ha kompetanse for dette i tråd med vegtrafikklova. Tal mannskap som skal ha kompetanse avhenger av tal utrykningskøyretøy.

Registrering:	#1794
Dato:	19.06.2023
Avvik:	Det er ± 24 brannkonstablar som ikkje har kompetansekrav til å føre båt i teneste.
Kostnad:	Uavklart
Merknad:	Sjøfartsdirektoratet har satt nye krav til å føre båt i teneste/arbeid og dermed er det ingen i HBR som har tilstrekkeleg kompetanse for å utøve slikt arbeid.

## VURDERINGER:

Avvik skal vera registrert og dermed er innmeldingane nødvendige for å ha oversikt og kunne innarbeide gode tiltak for å innfri krav i lov og forskrift. Det er også forventa å få inn fleire avvik på kompetansekrav då ovannemnde avvik ikkje er dei einaste som går på krav sett til kompetanse.

Foreløpig attendemelding til innmeldar er at avvik #1744-1777 vert ein del av budsjettprosessen for 2024. Framlagt budsjett i sak 23/038 dekkjer ikkje kostnadane som er skissert, men tek utgangspunkt i redusere etterslepet over heile planperioden. Behov for kompetanse vil vera ein kontinuerleg prosess der HBR som selskap skal ha kontinuitet på å gjennomføre kurs lokalt på ein kostnadseffektiv måte.

Avvik #1794 er tilbakemelding til innmeldar at det er gitt opning for å søke om midlertidig dispensasjon frå kravet. Dette bør gjerast i påvente av beredskapsanalyse og avklaringar rundt selskapsstruktur.

Haugesund 14.08.2024

Dag Botnen  
brannsjef